

**SAKSPAPIR**

| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr |
|--------------------------------|------------|--------|
| Saksgruppe næring og utvikling | 21.10.2015 | 033/15 |
| Kommunestyret | 10.11.2015 | 100/15 |

| Saksansvarleg | Arkiv | Arkivsaknr |
|----------------------|-----------|------------|
| Gerhard Inge Storebø | N - 101.2 | 12/552 - |

REGIONAL AREAL- OG TRANSPORTPLAN FOR BERGENSOMRÅDET - HØYRING**Dokumentliste:**

Planframlegg. Sjå:

www.hordaland.no/hordaland-fylkeskommune/planlegging/

og klikk inn på Regional areal- og transportplan for Bergensområdet under «Høyring»

Vedtak i sak F.079/15

Saksutgreiing:**Samandrag av saka:**

Hordaland fylkeskommune har sendt framlegg til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet på høring. Planframlegget inneholder retningslinjer som kan verra styrande for kommunane si planlegging om planen vert vedteken.

Saksutgreiing:

Fylkeskommunen har gjennomført ein omfattande planprosess – organisert med arbeidsgruppe, administrativ koordineringsgruppe og politisk styringsgruppe. Sund kommune har vore godt representert i prosessen.

Planarbeidet har vorte gjennomført med bruk av konsulent. Metodikk og vinkling tek utgangspunkt i prognosar for utvikling – og planteoretisk tilnærming for å handtera den

avstand til senterområda. Særleg gjeld det punkta om «Arealforbruk» og «Miljøbelastning». Det vil vera uråd å sikra effektiv transport for dei som bur og dei som driv næring utanfor dei regionale vekstsonene dersom personbiltrafikken skal reduserast her. Miljøutfordringa knytt til denne delen av transportarbeidet må handterast med auka bruk av ny teknologi.

Det vert opplevd som at planforslaget dobbelkommuniserer i høve til rammene som skal gjelda for utviklinga utanfor dei regionale vekstsonene. Under pkt. 1.3 Strategiar står det skrive: «Gode og stabile bumiljø utanfor dei regionale vekstsonene må samstundes oppretthaldast». Men når ein prøver å finna att ein slik strategi i planomtale og retningsliner vert ein uthygg på kva planen legg opp til. Kommunen sine røynsler med statleg og fylkeskommunal forvaltning tilseier at overordna plandokument vert tolka svært strengt i høve til kommunale utbyggingsplanar. Ja, det er alt døme på at tenkinga om einsretta sentralisering i planutkastet vert nytta av forvaltninga på fylkesnivå til å ta omkamp på disposisjonar i godkjend kommuneplan – utan at det vert bygd på lokalkunnskap om tiltaket.

Kommunen er og uroa over tilvisingar til dei karta som finst i planframlegget. Som illustrasjonar kan gjerne kart og figurar vera tenlege. Men når ein i retningslinene viser til kart som er laga utan kvalitetssikring av innhald, er risikoen stor for at dei kan verta misbrukt i vidare forvaltning.

Det er rett som høyningsforslaget peikar på at dei fleste kommunar ikkje har fått innarbeidd «lokalsenter» i sine kommuneplanar – etter at dette omgrepet kom med i Regional plan for attraktive senter i Hordaland som vart vedteken 10.12.2014. Areal- og transportplanen må difor vera endå tydelegare på at oversikter som gjeld «lokalsenter» ikkje er gjennomarbeidde i kommunane.

Retningslinene knytte til dei 5 plantema er til dels sjølvsagde og i nokon grad vase. Dei signaliserer i liten grad tillit til at kommuneplanprosessar vert gjennomførde på ein god måte – og medverkar såleis ikkje til å gje retning for føreseielege planprosessar. Slik retningsline nr. 43 er formulert – kan ho verta nytta til å stoppa det meste av kommunale utbyggingsplanar utanfor regionale vekstsoner.

Tiltaka som er knytte til retningslinene verkar å vera lite gjennomarbeidde.

Sund kommune kjenner seg ikkje att i planframlegget. Sund kommune ber om at denne planen vert stoppa. Det må utarbeidast ein ny plan som tek omsyn til den geografien Hordaland fylke har, og planen må utarbeidast slik at det vert mogleg å utvikle heile Hordaland og ikkje berre dei mest sentrale strøk.